

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** torsdag 8. oktober 2020 11:25  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 35/2020, 8. OKTOBER

### NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 35/2020, 8. OKTOBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

### REKORDBUDSJETT FOR HØGSKULEN I VOLDA: SAKNA MEDIE-MILLIONAR

Høgskulen i Volda får etter framlegget til statsbudsjett for 2021 ei samla løyving på ca 410 millionar kroner. Det gir ein vekst på ca 6 prosent etter tillegg for pris- og lønsvekst og fråtrekk for "avbyråkratisering og effektivisering". Mesteparten av veksten kjem på grunn av [vidareføring av korona-midlar \(«Utdanningsløftet»\)](#) til nye fleirårige studieplassar og stipendiatstillingar som høgskulen fekk i 2020. Det 5. året i grunnskulelæruddanninga fekk også noko midlar, men langt mindre enn forventa. Det kom ingen midlar til medieteknisk utstyr til Sivert Aarflot-huset. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### HEIDER TIL EKSAMENFILM FRÅ VOLDA: MARGRETHE DANIELSEN, "PEARL DIVER"

Animasjonsfilmen Pearl Diver av Margrethe Danielsen fekk heiderleg omtale under den internasjonale animasjonsfestivalen i Zagreb. Danielsen laga filmen som ein del av hennar Mastergrad in Media Practices, og filmen var ein berre fire studentfilm som fekk ei utmerking på festivalen. Juryen sa mellom anna dette om filmen til Danielsen: «Pearl Diver er eit subtilt, bittersøtt, portrett av separasjon og feilkommunikasjon med ei god kjensle av timing». Festivalen i Zagreb er ein av dei største animasjonsfestivalane i verda. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### MASTER I BARNEHAGEKUNNSKAP: SØKNADSRIST 1. NOVEMBER

Kunnskapsdepartementet har no godkjent at høgskulen får starte den nye masteren i barnehagekunnskap. Den fullstendige tittelen er "Barnehagekunnskap - ei heilskapleg tilnærming til barnehagens læringsmiljø". Masteren blir gitt som deltidsstudium og søknadsfrist er 1. november. Første samling blir 23. november. [Les meir på våre nettsider.](#)

### ASFALTERING PÅ JOPLASSVEGEN DEI NESTE 4 VEKENE

Denne veka starta asfalteringa på vegar, gangveggar og andre område rundt Volda Campus Sparebank1 Arena. Asfaltarbeidet vil halde på i heile oktober med asfaltering i veke 42, veke 44 og veke 45/46.

### ANIMATION VOLDA 2020: 1.308 FILMAR KONKURRERTE OM Å FÅ BLI MED

Over 1.300 filmer vart sende inn i kampen om å få bli synt fram under [Animation Volda](#), animasjonsstudentanes eigen festival. Den 14. festivalen vart prega av korona, men det var godt gjort i det heile å gjennomføre festival! [Les meir på nettsidene våre.](#)

### FRIST FOR PENSUMLISTER ER 1. NOVEMBER

I år som tidlegare er 1. november frist for fagmiljøa til å levere pensumlister for våren 2021 sett til 1. november. Frå 15. oktober vil fagmiljøa få tilgang til å oppdatere pensumlistene i Leganto, og det er no lettare og raskare enn nokon gong før å oppdatere pensumlistene. Det skal lagast pensumlister for over 500 emne, og [dei vert å finne på denne nettsida etter kvart som dei blir ferdige.](#)

### DIGITAL GRUNNSTEIN PÅ QR-KODE

Torsdag 1. oktober 2020 vart historias første digitale grunnstein "lagt ned" på tomte der det nye mediehuset ved Høgskulen i Volda er under oppføring. [Les meir på nettsidene våre.](#) Rektor og Statsbygg sine [helsingar i høve grunnsteinsnedlegginga er å finne på rektorbloggen.](#)

### NYTT OM TILSETTE

[Anne Marie Hovland Aschim](#) er tilsett i eit årsvikariat som spesialbibliotekar  
[Jorid Oddveig Saure](#), Nynorsksenteret, har fått opprykk til høgskulelektor.  
Håvard Strand har fått fast stilling som høgskulelærer på Avdeling for mediefag.  
Rebecca Nedregotten Strand har vorte tilsett som stipendiat på Avdeling for mediefag.

### NETTSEMINAR FRÅ INSPERA: "THE PEDAGOGICAL IMPACT OF ONLINE ASSESSMENT"

Inspira inviterer til nettseminar om pedagogisk bruk av online verktøy 20. oktober. Seminaret er på engelsk og [ein kan melde seg på denne nettsida](#).

### PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebladet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

### PUBLISERINGAR (2) ARTIKKEL FRÅ DIGIHAND-PROSJEKTET

Siv M. Gamlem (HVO) Wenke M. Rogne, (HVO), Vibeke Rønneberg (UIS) og Per Henning Uppstad (Professor II, HVO) fekk publisert protokollartikkel knytt til DigiHand-prosjektet i tidsskriftet Nordic Journal of Literacy Research. Artikkelen har tittelen "[Study protocol: DigiHand - the emergence of handwriting skills in digital classrooms](#)".

### PUBLISERINGAR (3) EIKREM I "UTDANNING"

[Førstelektor Trudi H. Eikrem](#), ASH har fått kronikk på trykk i Utdanning, 2. oktober 2020. Tittelen er: "Luftslott og ingeniørkunst". Kronikken er kritisk til at den nye læreplanen tilslører faggrensene i 'det nye' samfunnsfaget, og spør korleis målet om kritisk tenking skal vere innan rekkevidde når disiplingrensene er borte.

### BØKER AV VOLDA-FORSKARAR I BOKHANDELEN: JAZZGITAR OG JUSSREGLAR

Bokhandelen Akademika har no inne to nye bøker av tilsette ved Høgskulen: Førsteamanuensis Stein Helge Solstad har utgitt boka «[Expertise in Jazz Guitar Improvisation](#)». Førsteamanuensis Ellen Lexerød Hovlid har gitt ut «[Publiseringsregler for journalister](#)»

### RETNINGAR I PUBLISERINGAR I FØRRE NYHENDEBREV

Det var diverre nokre feil i to av publiseringane som var omtala i førre nyhendebladet. Her er retta versjonar:

### RETNING (1) KJARTAN LEER-SALVESEN I "EUROPEAN JOURNAL OF ONCOLOGY NURSING"

Professor Kjartan Leer-Salvesen, ASH, har publisert ein artikkel i tidsskriftet "European Journal of Oncology Nursing" i lag med Ingrid Johnsen Hogstad, Høgskolen i Molde. Artikkelen og tidsskriftet er på forlaget Elseviers publiseringssjuttform ScienceDirect. Artikkelen har tittelen: "[Going against patients' will? A qualitative study of how palliative health-care professionals handle competing considerations when children are excluded from parental illness and death](#)".

(I omtalen i førre nyhendebladet vart tidsskriftet kalla "ScienceDirect")

### RETNING (2) HISTORIKARAR HAR SKRIVE BOK OM MIKROHISTORIE

Fire tilsette ved Historisk institutt, ASH, har redigert boka "[Mikrohistorie](#)" som no er gitt ut på Museumsforlaget. Dei fire redaktørane er [dosent em. Arnfinn Kjelland](#), [høgskulelektor Harald Krøvel](#), [førsteamanuensis Ola Teige](#) og [førsteamanuensis Chalak Kaveh](#).

Bidragssjuttarar frå Høgskulen i Volda:

[Arnfinn Kjelland](#): Kva er mikrohistorie?

[Harald J. Krøvel](#): Allmenn bygdehistorie og mikrohistorie

[Elin Gundersen](#): Ola Sveahaugje – morderen fra Vågå

Gudmund Valderhaug: Elias Larsen Kant

(I omtalen i førre nyhendebladet stod det feil tittel på Valderhaug sin artikkel)

### MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

9.10.2020: [Disputas: Beatrice M. G. Reed](#), UiO

22.10.2020: Personalseminar, AKF  
23.10.2020: [Disputas Kim-Daniel Vattøy](#), NTNU  
27.10.2020: Avdelingsseminar, ASH  
28.-29.10.2020: [Utdanningsdagane](#) (digitalt)  
28.-29.10.2020: [Styreseminar og styremøte](#)  
11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen  
12.11.2020: [Digital fagdag om nynorsk i lærarutdanninga](#), Nynorsksenteret  
17.11.2020: Nettverkssamling Regional- og næringsavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune, Hotell Ivar Aasen  
26.-27.11.2020: Personalseminar, AHL, Loen  
3.-4.12.2020: Personalseminar, AMF, Loen  
10.12.2020: [Styremøte](#)

## LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

## REKTORBLOGGEN

[1.10.2020: Sivert Aarflot-huset: Grunnstein, hjørnestein, merkestein](#)  
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

